
Fra: Helene Moe <Helene.Moe@vlfk.no>
Sendt: tirsdag 12. mai 2020 16:08
Til: Postmottak Alver; Larissa Dahl
Kopi: Sigrun Wølstad; Inger Lena Gåsemyr
Emne: Dispensasjonssøknad, gnr. 58, bnr. 177, Alver kommune - Forlenga frist

Vår referanse: 2020/47217

Dispensasjonssøknad, gnr. 58, bnr. 177, Alver kommune

Vi viser til dykkar brev av 03.04. 2020 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde sak, vår e-post av 08.04. 2020 der vi gjer merksam på at vi må be om tilleggsinformasjon i saka, og vårt brev av 22.04. 2020 der vi presiserer nærare kva for tilleggsinformasjon vi treng for å kunne vurdere og gje eit fråsegn i saka.

Vidare viser vi til dykkar e-post av 05.05. 2020, med oversending av eit fråsegn i saka frå kommunen si Avdeling for kulturutvikling, idrett og frivilligheit. Det som dermed står att å sende inn jf. vårt brev av 22.04. 2020, er:

For automatisk freda kulturminne:

- Ei utgreiing som viser behovet for den delen av vegen som går ut i marka nord for omsøkte nybygg.
- Ei utgreiing som viser behovet for ein veg av eit slikt omfang i tilknytning til omsøkte bustadbygg.
- Ein målsett situasjonsplan som viser dei ulike breiddene til vegtraseen og den totale lengda. Gravhaugen med tilhøyrande sikringssone skal også visast på situasjonsplanen.
- Eventuelle terrenginngrep skal visast på snitt teikning(ar), og situasjonsplan.
- Illustrasjonar/foto som skildrar den estetiske verknaden dei omsøkte tiltaka vil ha på gravhaugen, og som visualiserer både nærverknad og fjernverknad.

For nyare tids kulturminne:

- Illustrasjonar/foto som skildrar den estetiske verknaden til dei omsøkte tiltaka, og som visualiserer både nærverknad og fjernverknad.
- Ei vurdering av andre mogelege løysingar enn riving av våningshuset.
- Kommunen si vurdering av dei omsøkte tiltaka.

Vi reknar med at kommunen har forlenga fristen i saka jf. SAK 10, § 7-5.

Venleg helsing
Helene Moe og Sigrun Wølstad

seksjon for kulturarv
avdeling for kultur, idrett og inkludering



www.vestlandfylke.no